



Geir Atle Hindenes  
Hindenesvegen 832  
5993 OSTEREIDET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/4207 - 14/14159

Saksbehandlar:  
Siril Therese Sylta  
Siril.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:  
12.06.2014

## Trong for tilleggsinformasjon - gbnr 21/1-7 Hindenes ytre

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 08.05.2014.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Fullmakt frå dei øvrige sameigarane om at Geir Atle Hindenes er sameiget sin representant i denne saka må sendast inn.
2. Målsette teikningar av tiltaket. I innsendte søknad er tiltaket kun skissert på innsendte situasjonskart.
3. Sjølv om anlegget i hovusak skal nyttast av sameiget sjølv, må det dokumenterast tilstrekkeleg parkering til det anlegget det vert søkt om. Det må sendast inn kart som viser plassering av parkeringsplassar. Dersom det i dag ikkje er opparbeidde parkeringsplassar må dette evt. tas inn som ein del av søknaden.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 10.07.2014. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

---

#### Post

postmotak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733



Siril Therese Sylta  
konstituert fagleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*